

KONTAKT

KYRKJEBLADET FOR MELAND · NR. 3/25 · 35. ÅRGANG



s. 2-3: Løva 20 år
Flinke forsangarar på
løvegjenggudstenesta



Løvemamma Kristin fortel om løva som er 20 år i år

Tekst: Anne Sofie Uthaug

Foto: Arve Kjell Uthaug og Berit Nøst Dale

I 2005 kom løva inn som ein fast del av gudstenestene i Melandkyrkja. Det var i samband med at søndagsskulen fekk ein ny start og kalla seg Løvegjengen. Det viktigaste med løva var å gjere barn synlege og velkomne i kyrkja, fortel ho som sørga for at det vart ei løve som vart maskoten til Løvegjengen, «løvemamma» og første leiar i Løvegjengen, Kristin Brakstad Traa.

Ei hannløve i villmarka i Afrika vert berre 8-10 år gamal (Wikipedia). Men løva i Meland kyrkje har allereie blitt 20 år og er «godt vaksen». Likevel er ho framleis både sprek og morsom, så ho skapar glede for både barn, ungdom og godt vaksne.

– Vi synes det var eit skrekkeleg dyr investering å kjøpe løva, fortel Kristin. Fem tusen kroner, det var mykje pengar i 2005. Men med så lang levetid og så mykje moro, har investeringa betalt seg godt. Det var litt symbolikk i at det var ei løve som vart maskot, men det var også viktig at kostymet kunne fungere til mange ulike personar. Og at ho

er taus er også litt smart.

– Det er veldig kjekt å vere løve, og gleda hos barn og vaksen, humoren og den uformelle stemninga ho skaper, gjer godt i kyrkja, fortel Kristin vidare. – Vi trudde barna ville like løva, men det viser seg at dei vaksne synes det er minst like gøy. Nokre av dei minste borna blir gjerne litt redde. Ho fortel om korleis ho sjølv kom til å skremme egne barn som var 4 år og nedover, då ho første gongen prøvde kostymet heime hos seg sjølv. – Det var jo ikkje så lurt å ikkje førebu dei først...

– Det gode med løva og Løvegjengen er at born har blitt meir synleg og høyrleg i kyrkja. Eg er verkeleg imponert over kor sporty prestane har gått i dialog med løva. Det er jo ikkje berre lett å prate med ei taus løve, seier Kristin.

På spørsmål om framtida for løva, seier ho at uansett om løva må pensjonere seg og reise til Afrika for godt, så er det viktig at fokuset på barn i gudstenesta ikkje bli vekke.

Glimt frå løvegjeng-gudstenesta 24. august



Her lagar dei store bølger på Genesaretsjøen!



Heile forsamlinga følgjer godt med.

KONTAKT vert laga av frivillige i kyrkjelyden, men grafikk og trykk kostar jo ein del.

Så viss du vil gje ei gåve til KONTAKT, kan du skanne denne QR-koda. Då kjem du til Vipps. Nummeret til KONTAKT er 59031.

Tusen takk!



Specsavers[®]

OPTIKER I KNARVIK
-Bestill synsprøve nå!
RING 56 35 14 66



Telefon: 56 17 07 10 Telefaks: 56 17 07 11
Besøksadresse og Postadresse:
Melandsvegen 15, 5918 FREKHAUG

Mandag-Fredag 08.00-16.00 Lørdag: STENGT

For avtale etter kl. 16.00 alle hverdager,
ta kontakt på telefon: 56 17 07 10

KIWI mini
pris

for alle med sans for lavpris
FREKHAUG SENTER

Åpningstider: Man-lør: 07.00-23.00

REMA 1000

FREKHAUG SENTER

tlf.: 56 17 60 00

Meland Auto AS

Autorisert bilverkstad

www.melandauto.no

MCA

ALT I CATERING

NORDHORDLAND FOLKEHØGSKULE
www.catering.com • tlf. 56 17 43 23



Vi tilbyr utleige av flotte festlokale og har gode cateringtil-
bod til dåp, konfirmasjon, jubileum og minnesamvær.
Sjå www.glode.no eller ta kontakt på 56 17 58 00



Magnus Blom og Arve Kjell Uthaug med gamle nynorske salmebøker. Kvifor nett denne boka har hatt ringverknader, vil bli tema i oktober.

Sjøsprøyt og solrenning

Tekst: Siri Førde Flatøy

Foto: Anne Sofie Uthaug

I år er det 100 år sidan Nynorsk salmeboka vart gjeven ut. Dei som stod for denne utgjevinga var biskop Bernt Støylen, sokneprest Anders Hovden og biskop Peter Hognestad. Dei brukte fire år på arbeidet.

Kontakt lurar på om det skal markerast på noko vis i kyrkjelyden. Vi har spurd organist Magnus Blom om dette. Han kan fortelja at det skal skipast til ein salmekveld i samband med jubileet, den 25. oktober 2025. Ideen til denne salmekvelden kom frå Meland Mållag, fortel han, og arrangementet er eit samarbeid mellom Meland kyrkjelyd og mållaget. Som representant for mållaget har Arve Kjell Uthaug vore med i planlegginga av salmekvelden. Organist Magnus Blom er ansvarleg for det musikalske, og Arve Kjell Uthaug skal leia salmekvelden.

Ved å kontakta Arve Kjell Uthaug får vi vita meir om arrangementet. Meland Mållag ønskjer å gjennomføra eit Elias Mjåtveit-seminar same dagen som salmekvelden. Fokuset skal vera norsk salmetradisjon frå Nynorsk

Salmebok kom i 1925 og fram til i dag.

Vi får opplyst at dette skal bli ein kombinert salmekveld og konsert, der vi syng nokre av salmane som fellessongar, medan andre blir framførte av solistar. I tillegg til Magnus Blom på orgel og piano, blir Lise Herland med på obo. Maria Sæle og Solveig Westermoen vil vera songsolistar, og Mari-Anne Fosse Dalland kjem til å lesa nokre av salmetekstane.

Professor Per Hasle frå Høgskulen i Volda kjem til å delta på både seminaret på dagtid og under salmekvelden. Som ein av dei fremste ekspertane i Noreg på den nynorske salmetradisjonen, er tanken at han skal knyta korte kommentarar av biografisk og historisk art til nokre av salmane under salmekvelden. Den har fått tittelen «Sjøsprøyt og solrenning» som viser til tema i fleire av dei valde salmane. Då får vi vera med og syngja salmar av kjende salmediktatarar som Elias Blix, Bernt Støylen, Anders Hovden og Per Sivle.



Fasteaksjonen med mykje håp

Strilane er vane med å dela med folk som treng hjelp. Slik også med årets fasteaksjon!

Her er resultatata for innsamlinga i Alver-sokna som gjekk føre seg i starten av april i år, og med tala frå 2024 i parentes:


Meland	120.733 kr	(101.048)
Radøy	87.907 kr	(81.422)
Lindås	51.943 kr	(46.028)

Knarvik	27.713 kr	(27.041)
Osterfjorden	35.642 kr	(17.919)
SUM	323.938 kr	(273.458)

Ein auke på over 50.000 kr frå i fjor, det står det respekt av!

Stor takk til alle som organiserte, som gjekk og som gav! Dette gjev håp og glede til mange menneske!

Barnas



PRIKK TIL PRIKK
Teikn ein strek frå prikk til prikk. Kva skjuler seg her?

FINN FEM FEIL

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?



Teikning: TREVOR KEEN





James og Mark slår og steller kyrkjegardane i Alver. Dei to brørne frå Nairobi er svært glade for jobben som sesongarbeidarar i seks månadar for året. - Vi er veldig glade for å ha dei her, seier John Henanger, driftsleiar i Alver kyrkjelege fellelsråd.

To brør frå Nairobi held kyrkjegardane fine år etter år

Tekst og foto: Arthur Kleiveland

I mange år har to brør frå Kenya kome tilbake for å slå og stella kyrkjegardane i Alver. James og Mark Okoth er her seks månadar om gongen som sesongarbeidarar.

James og Mark trivst veldig godt både med jobben på kyrkjegardane og med strilane. Dei har vore sesongarbeidarar heilt tilbake til 2011. Først i tidlegare Lindås kommune, no dei siste åra hatt dei hatt heile Alver som arbeidsfelt.

Gjer ein flott jobb

- Dei gjer ein flott jobb, me er veldig glade for at dei kjem tilbake år etter år, seier John Henanger, driftsleiar i Alver kyrkjelege fellelsråd.

Frå Nairobi har dei to brørne ei flyreise på 7000 km til "sommarjobben". Dei er vane med sol og varme, så det flotte sommarværet i Norge har dei ikkje noko problem med.

- Det taklar vi fint, berre vi passar på at inntaket av vatn er tilstrekkeleg, seier dei med eit smil.

14 kyrkjegardar på ti dagar

Dei har plenslått på kyrkjegardane som si hovudoppgåve, men hjelper også til med vedlikehald av ulikt slag som

maling, litt tømrararbeid og rydding av gangveggar ved kyrkjegardane.

Dei slår graset på fjorten kyrkjegardar i løpet av ein ti dagars-periode. Og så startar dei på nytt.

- Dei er sjølvgåande, og klarar seg på eiga hand, seier ein fornøgd John Henanger.

James har tatt norsk førarkort, og med utstyret på tilhengaren set han og Mark kursen mot neste kyrkjegard. I går var det plenslått på Lindås og Myking, og i dag gjer dei seg ferdig på Myking før dei set kursen mot neste plass.

- På Myking er det også ein gamal kyrkjegard som blir stelt, og det er eit par andre slike stader i Alver som skal slåast, seier Henanger.

Møtte ein nordmann i Nairobi

Det var litt tilfeldig at dei to brørne frå Nairobi kom til Norge. Dei vart invitert hit av ein god venn som dei var blitt kjend med i Kenya. Mannen frå Nordhordland hjalp Mark med jobb på ISS Mongstad. Her var han tilsett i nokre år fram til 2010. Og då det året etter var bruk for sesongarbeidarar på

kyrkjegardane i Lindås, meldte dei to brørne si interesse og vart tilsett.

James og Mark har kone og familie heime i Nairobi. Sjølv sagt saknar dei familien sin, men dei held kontakten «live» på sosiale medier. Inntekta frå dei seks månadane i Alver, går til livsopphald for familien og skulegang for ungane. I Kenya har dei ikkje nokon annan jobb, utover at dei hjelper til på faren sitt gardsbruk eit godt stykke unna Nairobi.

Veldig vanskeleg korona-år

I det verste korona-året var Norge stengt ned, og dei fekk ikkje innreise.

- Det var ei vanskeleg tid for oss. Me var veldig glade då me året etter kunne koma tilbake og jobba her, seier dei to brørne.

Dei får mange gode tilbakemeldingar rundt om på kyrkjegardane, og synest det er veldig kjekt at folk kjem bort og helsar på.

Dei er svært godt fornøgd med John Henanger som sjef.

- John er veldig støttande, snakkar med alle og har alltid eit smil og ein hyggeleg kommentar på lur. Han har tatt i mot oss med opne armar, fortel James og Mark.

Har gått Bjørn West-marsjen


Brørne frå Kenya synest også kollegaene er hyggelege folk, og dei gler seg over å få vera med i sosiale samankomstar, som sommarfesten. Dei finn seg godt til rette i Nordhordland, og har til og med gått den lange Bjørn West-marsjen eit par gongar. Dei nyttar også fridagane sine til å sjå seg om andre stader i landet.

James og Mark ønskjer å koma tilbake som sesongarbeidarar i mange år framover. Og snart er det dei to brørne som har lengst fartstid på kyrkjegardane i Alver.

James og Mark er tilknytt driftsavdelinga i Alver kyrkjelege fellesråd, som omfattar fem stillingar i hundre prosent, ein person i 60 prosent stilling, tre sesongarbeidarar i seks månader, pluss 1-2 sommarhjelpere. I tillegg er det ei 100% stilling ledig som fagarbeidar gravplass /gartnar, med søknadsfrist siste del av august.

Alverkyrkjene: medarrangørar for nordisk konferanse om flyktningar

25.-27. september er representantar for kyrkjene i Alver medarrangørar for ein konferanse i Bergen og flyktningearbeid, med kyrkjevevjer John Fredrik Wallace som komiteleiar. Tema er «Building Kingdom Bridges – from hospitality to fellowship». (Bygge bruer for Kongeriket. Frå gjestfridom til fellesskap.) Konferansen blir på engelsk, men det blir moglegheit for tolking til norsk. Det vert innleiarar frå England, Sverige og Norge og deltakarar elles frå Norden, inkludert frå Alver. Informasjon om konferansen finn du på nordicrefuge.com



Mark og James slår 14 kyrkjegardar i løpet av ein tidagsperiode.

Torsvik Elektro AS er total-leverandør av elektroinstallasjoner i Alver

Vi utfører:

Bolig og industri • Alarm
Billadere • Adgangskontroll
Tele/data-nettverk •
Automatisering •
Godkjent for kontroll
av el. anlegg



Torsvik Elektro AS / Lager: Olsvollstranda
Tlf: 56 38 50 00 / www.torsvik.no / post@torsvik.no
KVALITETSBEVISST – LØSNINGSORIENTERT – SAMARBEIDSVILLIG

Torsvik
ELEKTRO

Bygg Team
VEST AS



Alt innan tømmerfaget!

1700 år siden kirkemøtet i Nikea

Tekst: Berit Nøst Dale

Tenk, når vi på en gudstjeneste sier fram det som vi kaller «Den nikenske trosbekjennelsen», gjør vi det sammen med alle dem som har gjort det i 1700 år! Det aller første kirkemøtet i historien ble nemlig holdt i 325 i den lille byen Nikea i Tyrkia (derav «nikensk»). Der ble altså denne trosbekjennelsen laget. Så i år markerer vi et stort jubileum. Bakgrunnen er denne:

Kirken i den første tiden

I de tre første århundrene var mye av det vi i dag ser på som sentralt i den kristne tro, enda ikke definert. Verken den apostoliske eller den nikenske trosbekjennelse var skrevet ned, selv om den apostoliske hadde vært i bruk lenge. Det er den vi oftest bruker i kirken vår.

En trosbekjennelse er fast formulerte setninger som sier hva vi tror på som kirke. Vi sier det fram høyt sammen i gudstjenesten. Den består av tre ledd; om Faderen, om Sønnen (Jesus) og om Den hellige ånd.

Det nye testamentet (NT) var heller ikke samlet som et hele, og noen av tekstene vi har i NT i dag, var enda ikke tydelig anerkjent som hellige skrifter. Heller ikke det vi kaller «treenighetslæren» var blitt formulert. Det er derfor ikke så rart at det ble diskusjoner og uenighet innad i kirken om hva den overleverte troen egentlig består av.

En gruppe som kalte seg gnostikere, utfordret kirken på 100-tallet. De forkynte at ånd og materie er adskilt, og avviste at Gud kunne bli menneske. Dermed avviste de også at Jesus har stått opp fra de døde, som jo er kjernepunktet i kristendommen.

Hva skjedde senere?

Hvem var Jesus egentlig?

På 2-300-tallet opplevde de kristne i Romerriket de verste forfølgelsene til da. Keiser Diokletian gikk brutalt fram med mål om å utrydde kirken helt. De som nektet å etterkomme keiserens befalinger, ble henrettet. Den neste keiseren, Galerius, mislyktes med å utrydde de kristne og lot dem få lov til å bygge opp igjen kirkene som var blitt ødelagt.

Så ble Konstantin (275-337) keiser i Vestromerriket. Han stilte alle religioner likt. Og i 313 ble kirken tillatt igjen. Konstantin samarbeidet med de kristne i tiden som kom. Da han ble keiser også over Østromerriket, flyttet han hovedstaden til Bysants og kalte den Konstantinopel. Dette ble den viktigste kristne byen i 1000 år.

Men livet i kirken på 300-tallet kom til å bli preget av konflikt. Nå var spørsmålet som gnostikerne hadde stilt på 100-tallet, aktivisert igjen. Hvem var Jesus egentlig? Kunne en som var født som menneske, som led og døde, virkelig være Gud?

Uenigheten begynte i Aleksandria i Egypt i 318.

En stor debatt oppstod mellom biskopen i byen, Aleksander, og Arius, en av prestene. Arius mente at fordi Jesus var født, kunne han ikke være evig eller Gud. Han fikk mange tilhengere. Det han sa, hørtes fornuftig ut. Men han fikk mange motstandere også. Biskop Aleksander avsatte Arius som prest og stengte ham ute fra kirken. Fordi striden gjaldt det helt sentrale i kristendommen, splittet den også menighetene.

Da grep keiser Konstantin inn. Han ville samle kirken igjen. Derfor innkalte han i år 325 biskopene i riket, 250 i tallet, til det aller første kirkemøtet i historien i den lille byen Nikea i nærheten av Konstantinopel. Møtet samlet representanter fra de store kristne sentrene i Øst-Europa, Asia og Afrika. Menighetene i Vest-Europa og Roma var for små og langt vekke til å få stemmerett.

Det var keiseren selv som ledet møtet. Resultatet ble at Arius' syn på hvem Jesus var, ble fordømt. Kirkemøtet i Nikea formulerte så en bekjennelse der det står i det andre avsnittet om Jesus: "Vi tror på en Herre, Jesus Kristus, Guds enbårne sønn, født av Faderen før alle tider, Gud av Gud, lys av lys, ...» (se resten i tekstboksen neste side)

Denne bekjennelsen kalles da Den nikenske trosbekjennelsen.

Arius' syn fortsatte likevel å spre seg, og striden varte helt fram til et nytt kirkemøte ble holdt om den samme saken. Denne gangen møttes de i 381 i Konstantinopel. Der ble Nikea-bekjennelsen vedtatt på nytt med bare små endringer. Nicaenu-Constantinopolitanum blir den kalt på latin. Der slo de fast en gang til at Jesus er Gud. Han var ikke et skapt vesen, som Arius hadde hevdet.

Denne bekjennelsen blir brukt i kirkene både i øst og vest og er fremdeles del av læren til de fleste kirkesamfunn, også Den norske kirke. Det er verdt en jubileumsfeiring!



Ikonet viser keiser Konstantin og biskopene som viser teksten i Den nikenske trosbekjennelsen.

Salme

Usynlig er ditt rike, men synlig er det der hvor ordet ditt forkynnes og dine gaver er.

Vi ber deg: Vær til stede i all vår usseldom. Vær sterk i all vår svakhet som første gang du kom.

Usynlig er du, Herre, men synlig er du her i brødet som vi deler, og vinen er du nær.

Vi ber deg: Vær til stede i all vår usseldom. Vær sterk i all vår svakhet som første gang du kom.

Sindre Skeie

«Vi trur på éin Gud, den allmektige Far, som har skapt himmel og jord, alt synleg og usynleg.

Vi trur på éin Herre, Jesus Kristus, Guds einborne Son, fødd av Faderen før alle tider, Gud av Gud, lys av lys, sann Gud av sann Gud, fødd, ikkje skapt, av same vesen som Faderen. Ved han er alt skapt. For oss menneske og til vår frelse steig han ned frå himmelen, og ved Den heilage ande og av Maria møy vart han menneske av kjøt og blod. Han vart krossfest for oss under Pontius Pilatus, leid og vart gravlagd, stod opp tredje dagen etter Skriftene og fór opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Faderen, skal koma att i herlegdom og døma levande og døde, og hans rike skal vera utan ende.

Vi trur på Den heilage ande, som er Herre og gjer levande, som går ut frå Faderen og Sonen, som vert tilbeden og æra saman med Faderen og Sonen, og som har tala gjennom profetane. Vi trur på éi heilag, allmenn og apostolisk kyrkje. Vi vedkjennest éin dåp til forlating for syndene og ser fram til oppstoda av dei døde og eit liv i den komande verda. Amen.»



EL.INSTALLASJON - INGENIØRTENESTER - SERVICE

Torvhusmyrane 6
Nordhordland Næringspark
5913 Eikangervåg

Tlf: 56 34 24 30
E-post: post@helland-elektro.no
www.helland-elektro.no
Foretaksregisteret: NO 986 751 718 MVA



Knarvik Blomstestove



Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø
Tlf: 56 35 62 20 – www.knarvikblomstestove.no



NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ

Ditt lokale gravferdsbyrå

ALLTID HER FOR

deg

DU NÅR OSS PÅ TLF. 56 37 14 10 - 56 99 25 70

Kyrkjevegen 1
Alversund

Havnevegen 31
Frekhaug

Elvavegen 1
Dalekvam



VATNE

begravelsesbyrå



Tlf: **56 35 09 10** (24t)
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø

vatne-byra.no



– Eg elsker å plukke bær!

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahl

NAMN: Cathrine Grutle

ALDER: 53

JOBB: Sokneprest i Knarvik sokn

SIVILSTAND: Gift med Leif Endre

BARN: To gutar og ei jente

I SITT ESS: Cathrine Grutle gler seg over ein innbringande bærsesong. – Bærplukking er balsam for sjela, seier ho.

– **Det er mykje mental helse i hagearbeid og bærplukking, i alle fall for meg. Og gjerne med ei god lydbok på øyret.**

Soknepresten i Knarvik sokn, Cathrine Grutle, er neste person ut i serien Presten På Privaten.

Vi møter Cathrine ein solfylt dag heime i Åsane. På førehand har ho gitt beskjed om at «dersom eg ikkje opnar døra når du bankar på, så finn du meg i hagen». Det stemte. Bak ei av dei svære ripsbuskene i den fine hagen får vi så vidt auge på

henne, ivrig i gang med bærsankinga.

– Det er utruleg kjekt å ha så mange bærbusker, seier den fargerike dama, opprinneleg frå Rygge i Østfold, og viser oss rundt i den store hagen, der det bugnar av både solbær og stikkelsbær i tillegg til ripsbuskene.

Fantasy og science fiction

– Vi får gå rett på sak: Kva gjer du helst på fritida?

– Forutan bærplukkinga, «les» eg mykje lydbøker. Det fine



QUILTING: Soknepresten har ei imponerende samling med lappetepper, laga på quiltingvis.

med det er at det kan kombinerast med andre gjeremål.

– Kva sjangrar høyrer du mest då?

– Eg er glad i fantasy og science fiction, og så er eg blitt litt hekta på nyare engelsk og amerikansk litteratur. Eg har som prinsipp at eg alltid les bøkene på originalspråket, altså engelsk.

– Det kan vel tidvis vere litt krevjande?

– Eg har ein liten fordel der, fordi eg i barndommen budde eit år i London medan far min jobba i bank der. Då blei eg etter kvart plutseleg tospråkleg, ein fordel eg har nytt godt av all tid etterpå.

Er hekta på quilting

Frå einebustaden deira på Flaktveit i Åsane er det ei praktfull utsikt over det som ein gong var langt «på landet» og jordbruksland. Saman med mannen Leif Endre, som er prost i Åsane prosti, har dei malt heile huset på nokre få veker i sommar.

– Det har gått knirkefritt, Leif Endre har malt øverst, og eg har halde meg i lavlandet, smiler Cathrine.

Ut på terrassen har ho tatt med eit stort lappeteppe, for å vise ei anna interesse ho har, nemleg quilting.

– Det er lappeteknikk. Kort fortalt så kjøper eg større stoffbitar, som eg klypper til mindre bitar og syr dei saman til større stykke, som for eksempel teppe. Eg har laga veldig mange teppe og andre plagg. Det starta då eg blei mamma første gong og fekk lyst til å sy eit babyteppe til vår eldste son. Då fann eg ein stoffbutikk som også tilbaud kurs i quilting. Eg gjekk på kurs og vart hekta.

I tillegg til quilting er strikking og hekling blant hobbyane hennar.

– Det var bestemødrene mine som skapte interessa for det – heldigvis. Eit kjekt handarbeid saman med ei god lydbok på øyret, då kosar eg meg.

Utruleg dårleg vinnar

– Andre interesser du kan trekka fram?

– Brettspel, kjem det kjapt frå den 53 år gamle soknepresten.

– Leif Endre og eg – og gjerne borna våre når dei er på besøk – spelar ofte brettspel saman, som Ticket to Ride, Scrabble og Monopol, og fleire andre av dei gode, gamle spela. Eg må kjapt leggje til at eg er ein svært dårleg tapar. Men eg er ein endå dårlegare vinnar.

– Oi, dårleg vinnar? Korleis har det seg?

– Eg blir så utruleg kjepphøg på meg sjølv. Eg synest det er SÅ gøy å vinne og klarer aldri å skjule kor nøgd eg blir når eg stikk av med seieren. At dei andre i det heile tatt orkar å spele med meg, er rett og slett beundringsverdig, seier Cathrine med eit godt smil om munnen.

Fokuser på takksemnd

– Er det noko i samfunnsdebatten som opptar deg?

Cathrine tenkjer seg litt om før ho svarar.

– Fattigdom engasjerer meg. Og urettferdighet. Eg er opptatt av korleis andre kan få meir glede i liva sine. At det let seg gjere å finne håp, noko å gle seg over og noko å vere takksam for. Eg meiner at takksemnd avlar glede. Det er noko eg sjølv bevisst fokuserer på.

– På kva måte då?

– Dersom ein klarer å flytte fokus frå det som er frykteleg vanskeleg mot noko som ein kan vere takksam for, så kan du faktisk få eit betre liv. Personleg har eg ein rutine med å skrive ned i ei bok kva eg er takksam for. Tre punkt. Det gjer eg kvar kveld før eg legg meg.

– Kan du gje eit døme på det?

– Eg har nyleg mista pappaen min. Ein kveld skreiv eg kor takksam eg er for alt det fine pappa og eg hadde saman, som eitt av dei tre punkta. Dei to andre var takksemnd for å ha så fine kollegaer på jobben min, og det tredje punktet var takksemnd for at eg vann i Scrabble. Vidt forskjellig punkt altså, men det funkantar for meg, avsluttar Cathrine.



Av Solveig Gravem Angelskår

I sommar var eg så heldig, at eg fekk vere med som leiar på ein av leirane på Raknestunet. Temaet for leirane i sommar var: «Er det sant?» Dette er eit spørsmål vi ofte kan kome med dersom nokon fortel om noko fantastisk som har skjedd, og som nesten er for godt til å vere sant. Det er også eit spørsmål vi må stille oss når vi les diverse saker på diverse sosiale medium. Er det eg høyrer eller les verkeleg sant? Og kva med Bibelen? Er det vi les der verkeleg sant? Og

kva med historier kristne fortel om sine møte med Gud, er dei verkeleg sanne? I sommar har mange barn og unge fått høyre historier frå Bibelen. Dei har fått hjelp til å finne fram i sin eigen bibel, eller ein dei fekk låne på Raknestunet, og dei har sjølv fått lese kva som står der. Og så vart dei utfordra på kva dei sjølv trur. Trur dei at det dei les er sant?

Eg dirigerer vaksenkoret Te Deum, som heldt til på Ostereidet, og til påska samarbeida vi med eit par barnekor om ein påskemusikal. Påskemusikalen fortalte

om dagane i påskeveka, og avslutta med at Jesus stod opp frå dei døde - og han er framleis lys, lys levande. Under ei av øvingane var det ei jente som sa at ho ikkje trudde på det vi song. Då kunne eg fortelje at eg trudde.

Eg trur at Jesus stod opp frå grava, og eg trur at han lever. Eg trur det er sant at Jesus er her midt i blant oss no. Hadde eg ikkje trudd det, hadde eg ikkje vore dirigent for koret. Eg hadde ikkje sunge så mykje om Jesus, og eg hadde ikkje jobba i kyrkja. Paulus møtte nok også

mange som ikkje trudde. Det er tydeleg at kyrkjelyden i Korint har diskutert oppstoda, og at ikkje alle trudde. Paulus skriv mykje om dette i slutten av sitt første brev til Korintarane. «Men er ikkje Kristus reist opp, er bodskapen vår tom, og tom er òg trua dykkar» (1 Kor 15,14). Dersom Jesus ikkje stod opp, så har vi ei tom tru. Men dersom han verkeleg stod opp frå dei døde, dersom han er Guds son og er her i dag, så er han verkeleg verdt å satse livet sitt på. Eg trur på Jesus! Gjer du?

KULTURKALENDER

23. september

Knarvik kyrkje kl. 19:25

SALMEKVELD. Nynorsk salmebok kom ut i 1925 og har 100-årsjubileum i år.

24. september

Musikkandakt i Meland kyrkje kl. 19:00.

Kristin Mestad, sopran, Magnus Blom, piano og orgel

Ostereidet kyrkje kl. 19:00

Syng med oss med Te Deum

27. september

Knarvik kyrkje kl. 15:00

Orgelet er 10 år! Konsert med Sigurd Melvær Øgaard. Gratis inngang.

14. oktober

Soul Church i Ostereidet kyrkje kl. 18.00

Ostereidet soul kids og soul children, i lag med Te Deum.

18. oktober

Knarvik kyrkje kl.19:00

Konsert med kora Knarvik Gospel og Ichtus frå Stord.

19.oktober

Kveldssong, I ditt lys, i Ostereidet kyrkje kl. 18.00

Diktlesing ved Helga Bjørke Harnes. Song og musikk ved Åshild Lande, Ole Corneliusen, Helge Hellem m.fl. Utstilling av Solveig Serigstad Hauge

20., 22. og 24. oktober

Alversund kyrkje kl.19:30

Tredje utgåve av konsertserien "Lieto Kammermusikkfestival". Aldo Hodja og Rebekka Eikefet og musikere frå Bergen Filharmoniske Orkester.

Billetter: Vaksen kr 250. Barn gratis.

22. oktober

Musikkandakt i Meland kyrkje kl. 19:00

Solveig Westermoen, sang, Elisabeth Blom, trompet
Magnus Blom, orgel og piano

25. oktober

Meieriet på Frekhaug kl. 11:00-15:00

Elias Mjåtveit-seminaret 2025: "Med blick på den norske salmen" (biskop Ragnhild m.fl.)

Meland kyrkje kl. 18:00

"Arven frå Nynorsk salmebok" (1925-2025), eit samarbeidsprosjekt mellom kyrkja og mållaget.

25.oktober

Sæbø kyrkje kl. 17:00

Førestillinga «Med mine øyne» av Heidi Halvorsen. «Når synet snur livet på hodet».

28.oktober

Sæbø kyrkje kl 19:00

Tysdagstreff. Samtale med Magne Bjørndal om livssorg og tap.

1. november

Knarvik kyrkje kl. 11:00

NMS misjonsmesse: Familiemøte med Helle Kartveit og Ostereidet Soul Children. Kl. 12:00-16:00 Salsmesse med kafé, lotteri og barneaktivitetar.

12. november

Meland kyrkje kl. 19:00

Musikkandakt med Lise Herland, obo, Elizabeth Astruc, orgel

15. november

Knarvik kyrkje kl. 17:00

Festkonsert med Bjarte Leithaug og barnekora i området.

16. november

Knarvik kyrkje kl. 18:00

Konsert "Dag for Dag 2" med Jon Martin Skauge. Billett ved inngang og på www.hoopla.no

23. november

Knarvik kyrkje kl. 18:00

Händels "Messias" med Alversund kammerkor, solistar og orkester.

27. november

Knarvik kyrkje kl. 17:30

«Stille natt, hellige natt». Konsert med Dennis Storhøi, Tor Endresen, Ylva og Ingrid Berg Mehus og musikere. Billett: Ticketmaster

4. desember

Meland kyrkje kl. 19:00

Musikkandakt
Salmekveld



Lurer du på meir om kristen tru?

Ta kontakt med kyrkjekontoret eller ein i staben!

Har du ein kristen venn? Spør!

Mi historie:

Takk for Guds gode hjelp gjennom alt!

Tekst og foto: Anne Sofie N. Uthaug

Synnøve Ryland har mykje å takke for. Ho takkar for oppvekst, ungdomstid, mange gode år og for Guds gode hjelp i den tøffe tida med kreft som starta for få år sidan.

Synnøve Ryland (fødd 1960) vaks opp i Åsane, er gift med Børge, har vaksne barn og er busett på Skarpeneset i Meland. Ho har lang yrkeserfaring som sjukepleiar.

Åsane gjekk frå 1960 til 1980 frå å vere ei bygd i eigen kommune til å bli ein bydel i Bergen med ein folketalsvekst på 250%, ei enorm utfordring for lokalsamfunnet, også for kyrkja.

Oppveksten for Synnøve - i ein heilt vanleg god familie - inneheld også kveldsbøn, barnehage hos nonnene på Marias Minde og søndagskule. Kristendomsundervisninga på skulen sette også gode spor hos Synnøve. Familien var ikkje av benkeslitarane i kyrkja. Men ho hadde ei bestemor

som bad for familien.


Etter konfirmasjonen begynte ho i Sanctus. Sanctus var det nye ten-singkoret i Åsane menighet: eit stort arbeid med over 100 medlemmer. Det vart ei fin ungdomstid i koret.

- Det var så mykje kjekt som skjedde, og vi var heldige som hadde gode leiarar som peikte på Jesus, gjennom andaktar på øvingane, gospelnights, musikalar, song og musikk, bibelgrupper mm. Etter kvart fekk eg også leiaransvar. Dette har prega meg sterkt, fortel Synnøve. Her fann ho ektemannen Børge og andre venner for livet. Og her fekk ho opplæring i kristen tru og kom frå barnetru vidare til vaksen tru og frå deltakar til leiar gjennom dei 7 åra ho var der.

- Eg hadde ikkje eit spesielt vendepunkt i trua mi, det berre vaks naturleg fram gjennom barne- og ungdomstid, seier Synnøve. - Men det var viktig med eldre ungdommar og vaksne som såg oss og tok vare på oss.

- Livet blir ikkje alltid som ein har tenkt, fortel Synnøve med tårer i auga. For 2,5 år sidan fekk ho ein aggressiv type kreftsvulst i brystet. Ho kom raskt til i helsevesenet. Det var ei tøff behandling med cellegift, operasjon og stråling. - Men oppi alt opplevde eg at Gud var god mot meg, og eg har mykje å vere takknemleg for. Eg opplevde at mannen min, familie, venner og helsevesenet blei Guds forlenga armar. Eg vart omslutta av omsorg og godheit. Eg blei "sett", og det treng vi alle, nokre dagar meir enn andre. Eg blei bore av forbønn og Jesus og fylt med takknemlegheit, håp og tru kvar dag, same kor dårleg eg var. Eg fekk kle meg i Guds omsorg og kvile der. Eg veit at ikkje alle opplever det slik, men for meg blei det ei trusstyrkande reise.

- Så er det sånn at ingen av oss veit korleis morgondagen blir, men det eg veit, er at Gud held det han lover. Hans nåde er ny kvar dag, og Han vil gje framtid og håp til alle som trur på Jesus, seier Synnøve.



John Fosse

100 år i Kamerun!

Tekst: Åshild Bjørkum Furukawa, misjonsutvalet

Kyrkja i Kamerun feira i fjor 100-årsjubileum, og fleire frå Meland har hatt, og har framleis, sterk tilknytning til kyrkje og misjon i dette landet.

Ein som var ein stor del av den 100 år gamle misjonshistoria i Kamerun, var John Fosse. Han vaks opp på ein liten gard på nedre Fosse og fekk nok sitt misjonskall både gjennom heimen og det gamle bedehuset på Sagstad. Han utdanna seg til diakon.

Då han studerte fransk i Paris for å reisa vidare til Kamerun, trefte han Marit, som skulle verta misjonær på Madagaskar. Men som han sa: Eg fridde no likevel! Og han fortel om då dei kom med båt til Douala og varmen slo imot dei som ein vegg. Då heldt han på å missa motet. Han gjekk inn att i lugaren og sette seg til å lesa Bibelen. Då vart han møtt av ordet: "Dersom du trur, skal du sjå Guds herlegdom!" Det tok han til seg og reiste vidare. Og noko av det første dei gjorde i varmen, då dei kom til Ngaoundere, var å gifta seg.

Som diakon stod John sjeldan på ein talarstol, men bygde sjukehus, underviste sjukepleie-elevar og hadde ansvar for anestesi og røntgen, eit arbeid som her hjå oss ville vorte gjort av ein doktor. Han fortel at han ikkje eingong hadde saks til å klippa navlestrengene med, men fekk låna ein kniv. Og det gjekk bra!

Marit og John var saman om arbeidet, spesielt i arbeidet med frigjevne slavar. Sjølv etter at slaveriet var forbode, vart menneske berre tekne eller selde for å vera slavar. Dei kunne piskast, tvingast til arbeid dei ikkje tolde, valdtakast, giftast bort og nektast mat. Dei kunne verta fråtekne alt, for

det var han som eigde dei, som bestemte. Kvinnene trudde det var slik det skulle vera, livet ut. Men så hadde dei høyrte rykter om at det var nokon som kunne hjelpe. Dei kom i ly av mørkret, livredde, og fekk høyra at dei hadde ein verdi, at det var noko som heitte menneskerettar, som gjaldt dei og. For John var dette noko som hang saman: frelse og fridom.

Han hadde med seg eit Pentax kamera, og han tok masse bilde frå denne pionertida i Afrika. Også etter at han fylte 100 år, heldt han fram med å kommentera ei samling på over 3000 bilde frå slutten av 40-talet og utover 50-talet. Som 103-åring heldt han framleis på med hjelp av ein svigerson. Minnet var framleis levande, og truleg var han den einaste nordmannen som då kunne fortelja om eigne opplevingar frå Kamerun og misjonsarbeidet der på 1940-talet.

Bilda som han prøvde å systematisera, har vorte til ei verdifull samling som VID Misjonshøgskulen vil ta vare på i sine arkiv.

Misjon er sanneleg mangfoldig, spennande, inspirerande og trusstyrkande. Me vert vitne til kva ein stor Gud kan gjera gjennom små menneske.

John Fosse døydde i juni, 105 år gamal.

Velkomen til den tradisjonsrike misjonsfesten på Frekhaug Bedehus, søndag 21.09 kl. 19.00

Song og musikk: Hornorkesteret SKALA. Knarvik GOSPEL

Tale og misjonsinformasjon: Roar og Ingvild Hallesby Evjedal. Om misjonsarbeid i England

Smørbrød

Arr. Frekhaug Misjonsforening (NMS)

Tankestrek

Salmeskatten?

Tekst av Anne Sofie Nergård Uthaug

Artisten Ingrid Olava vart spurt av NRK Dagsrevyen, i samband med 22.juli-markeringa i år, om kva musikk ho helst lytta til. - Salmeskatten, når ho var sliten eller trong trøyst, svara ho. Same dag sat ein begeistra og rørt Aune Sand i eit TV-innslag i ein annan kanal og lytta til bordverset ei eldre dame song, før dei delte ein heimelaga middag.

Bordvers og salmar var ein vanleg del av kvardagen i skule og heim for mange av oss som vaks opp på 1960-70-talet, og før den tid. Etter kvart har det blitt mindre og mindre vanleg – spesielt på skulen, men også i heimane. Må vi berre tenke på det med vemod?

Vi pugga salmevers i kristendomstimane, og eg må innrømme at eg likte den pugginga, fordi eg meistra å pugge, ikkje så mykje for tekstane. - De vil bli glad for dei salmane de har lært når de vert gamle, sa læraren. - Ha, ha, sa vi, så langt fram klarte vi ikkje tenke. Då eg var konfirmant heime i Kaupanger i Sogn på starten av 80-talet, fekk vi i gåve vår eiga Nynorsk salmebok frå kyrkja. Eg kan ikkje sei det var ei gåve eg sette stor pris på då. Ho vart med på dei obligatoriske gudstenestene og brukt til å rable i, slik konfirmantar gjorde på bakerste benk. Men no er ho eit klenodium for meg. Kvifor? Jo, det er eit artig minne, men også fordi eg er ein glad nynorskbrukar og enormt glad i «salmeskatten». Det tok nokre år og ein heil del salmesong for å bli glad i salmane. Tid må kanskje til for å bli glad i gamle ord og til dels gamle melodiar?

Heldigvis har det kome nye salmebøker og mange nye songar og salmar i dei, sjølv om Nynorsk salmebok var enormt viktig då ho vart innført. I den siste salmeboka frå 2013 er det både nynorsk og bokmål. Og jamvel eit tillegg med mange gode formulerte bønner, når ein treng det. Den ligg i kyrkja til felles bruk, og du kan også kjøpe den til heimebruk. Tilrådd! Kanskje kan du finne fram eit av bordversa og prøve ut heime?

Å synge nynorske salmar er jo litt av eit kinderegg: Å synge i seg sjølv er terapi for kropp og sinn, nynorskunnskap skapar sterkare språkforståing, og salmar er tekstar som kan gi djupne og perspektiv i livet, trøyste og oppmuntre, slik Ingrid Olava og mange andre har erfart.



DEN NORSKE KYRKJA

Meland kyrkjelyd

Besøks- og postadresse kontor og Møteplassen: Havnevegen 31, 5918 Frekhaug.

Opningstid: Kontoret på Frekhaug er til vanleg bemanna man-fre kl. 10-15. Ta gjerne kontakt for avtale.

Telefon: 4000 1691
kvar dag kl 10.00 – 14.00.
post.meland@kyrkja.no
www.melandkyrkja.no

Facebookside: Meland kyrkjelyd

Kontonummer: 3632 07 04019

Vipps: 59301

Hugs å merka kva betalinga gjeld.

Alver kyrkjelege fellestråd

Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø
post.alver@kyrkja.no
www.kyrkja.no/alver

Leiar i fellestrådet: Sølvi Knudsen

Kontakt

Utgevar: Soknerådet i Meland sokn, i samarbeid med Osterfjorden sokn, Mo sokn, Knarvik sokn, Radøy sokn og Lindås sokn.

Redaktør: Berit Nøst Dale

Lokal redaksjon: Anne Sofie N. Uthaug, Berit Nøst Dale

Grafisk design: Simen Søvik

Trykk: Aksell

Framsidedeilete: Forsangarane frå venstre: Solveig Fuglseth, Sara Elise Fuglseth, Victoria Søvik, Kristina Søvik og Elise Mathilde Skeie



Følg oss på Facebook:
[@melandkyrkja](#)



Magnus Blom

Kyrkjemusikar - 458 60 571
mb297@kyrkja.no



Anne Marit Fosse Dahle

Kyrkjelydspedagog - 400 01 691
ad423@kyrkja.no



Gyda Matland

Administrasjonssekretær
400 01 691 · gm663@kyrkja.no



Mounir Sarhan

Kyrkjetenar - 471 91 961



Bjørn Tore Sæle

Sokneprest - 450 35 084
bs694@kyrkja.no



Ruben Sæle

Diakon med ungdomsfokus
400 01 691 - rs433@kyrkja.no



Helge Taranrød

Prost
ht759@kirken.no



Per Arne Traa

Soknerådsleiar - 415 59 121
perarnetraa@gmail.com



Anne Sofie Nergård Uthaug

Dagleg leiar - 404 62 647
au887@kyrkja.no



John Fredrik Wallace

Kyrkjeverje
jw734@kyrkja.no



Eva Kristin Dale Wessman

Spesialprest (vikar)
957 30 733 - Ew562@kyrkja.no

Slekters gang

Dåp i Meland sokn

18.05.25
Kasper Thestorf Kvalvåg
08.06.25
Johan Andreas Birkeli
08.06.25
Vinnie Meland Vedå
08.06.25
Walter Noel Sagstad
Jakobsen
08.06.25
Olivia Fondenæs Storheim
22.06.25
Marcus Rekve Birkeland
22.06.25
Martine Rekve Birkeland
22.06.25
Mathilde Fosse
22.06.25
William Bjorli Langeland
06.07.25
Lucas Min Zhe Vågsholm
03.08.25
Olivia Thorsvik
17.08.25
Magnus Vadøy
17.08.25
Eline Valle Midtøy

Gravferder i Meland

23.05.25
Inger Bjørg Espetvedt
26.05.25
Jan Erik De Leeuw
06.06.25
Beathe Iren Nilsen
11.06.25
Hans Håkon Landsvik
17.06.25
Jann Sæthre
03.07.25
Kirsten Bjørgo
15.07.25
Bjørg Titlestad Hervik
05.08.25
Konrad Knut Ilo
14.08.25
Ragnhild Margretha
Rossland
15.08.25
Hermod Hove

GUDSTENESTE- KALENDER



Meland

21.09.2025 11:00
Gudsteneste med nattverd
v. Bjørn Tore Sæle
15. søndag i treeiningstida

24.09.2025 19:00
Musikkandakt v. Magnus
Blom

28.09.2025 11:00
Gudsteneste med nattverd
v. Eva Kristin Dale Wessman
16. søndag i treeiningstida

05.10.2025 11:00
Søndagsåpent v. Eva Kristin
Dale Wessman, Ruben Sæle
Hausttakkefest
17. søndag i treeiningstida

12.10.2025 11:00
Gudsteneste med nattverd
v. Bjørn Tore Sæle
18. søndag i treeiningstida

19.10.2025 11:00
Sprell levande gudsteneste
v. Bjørn Tore Sæle
4-årsbok, Levande Lys
19. søndag i treeiningstida

22.10.2025 19:00
Musikkandakt v. Magnus
Blom

26.10.2025 11:00
Misjonsgudsteneste med
nattverd v. Bjørn Tore Sæle
Misjonsfokus
Bots- og bededag

02.11.2025 11:00
Lys Våken gudsteneste med
nattverd v. Bjørn Tore Sæle
Helgemessesundag

02.11.2025 19:00
Minnegudsteneste v. Bjørn
Tore Sæle, Ruben Sæle

09.11.2025 11:00
Søndagsåpent v. Eva Kristin
Dale Wessman, Ruben Sæle
50-årskonfirmantar
22. søndag i treeiningstida

12.11.2025 19:00
Musikkandakt v. Magnus
Blom

16.11.2025 11:00
Gudsteneste med nattverd
v. Bjørn Tore Sæle
Felix syng
23. søndag i treeiningstida

23.11.2025 11:00
Løvegjengudsteneste med
nattverd v. Bjørn Tore Sæle
Siste søndag i kyrkjeåret

30.11.2025 19:30
Lysmesse v. Bjørn Tore
Sæle, Eva Kristin Dale
Wessman
Konfirmantane deltek
1. søndag i adventstida

Treng du nokon å snakke med?

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.



22 40 00 40
soschat.no

